
Fra: Brosvik Trude [mailto:Trude.Brosvik@gulen.kommune.no]
Sendt: 8. oktober 2012 15:00
Til: Postmottak FAD
Emne: Høyering - gravferdsforskrifta

Her kjem Gulen kyrkjelege fellesråd sin høyringsuttale på endringane i gravferdsforskrifta.

Mvh

Trude Brosvik
kyrkjeverje

Fra: Trude Brosvik [mailto:Trude@gulen.kyrkja.no]
Sendt: 8. oktober 2012 14:55
Til: Brosvik Trude
Emne: 00018181

Dato:	12.09.2012
Arkivsak	12/00060
Dokumentnummer:	12/00060-001
Arkivkode:	501
Saksbehandler:	Gu.Trude

Saksnr	Sak	Møtedato
020/12	Gravferdsforskrifta - høyring	21.09.2012

Saksframstilling

Fornyings- administrasjons. Og kyrkjedepartementet har på høyring endringar i gravferdsforskrifta. Høyringsfrist 01.11.12. Det er trong for oppdatering av forskrifta og oppfølging i samband med kyrkjeforliket. Dokumenta ligg på www.regjeringen.no/fad .

Dei største endringane er at "kyrkjegard" skal heite "gravplass", å legge betre til rette for religiøse og livssynsmessige minoritetar ved anlegg og endring av gravplass. Vurdere om ein kan fråvike krav til kiste når ønsket er grunngjeve med livssyn mm. Det skal innførast ei standard ordning for identifisering av graver (gravkart- SOSI) og universell utforming av anlegg blir teke inn. Elles blir det lagt opp til

- ◆ Høve til å stenge enkeltgraver/deler av gravplass permanent for kistegraver
- ◆ Krav om at bispedømmerådet skal godkjenne drenering av gravplass som er tatt i bruk
- ◆ Krav til jordoverdekning over kiste kan reduserast
- ◆ Opne for å fråvike krav om storleiken til kistegraver (pga arealmangel)
- ◆ Presisering om at gravplassbetjening skal vere tilstades på gravplassen ved gravferd
- ◆ Presisere at berre levningar etter menneske kan gravleggast på gravplass
- ◆ Regulere "anonym og namna minnelund"
- ◆ Klarare heimel for å gje dispensasjon frå dimensjons-forskrift på gravsteinar

Frå i sommar av har kyrkjeverja brukt litt tid på å finne ansvarleg for graver og sende ut krav om festeavgift. To felt i Brekke og sju felt i Gulen er gjennomgått. Det er to ting som går igjen, og som fellesrådet på eit tidspunkt bør meine noko om. Det eine er at Gulen har valt ei fredingstid på 40 år. Altså dobbelt så lenge som kravet i lova. Dette kan vi bestemme lokalt, og det har såleis ikkje noko i denne høyringssaka å gjere. Men det andre er rundt spørsmålet om reservering av grav. Der heiter det i gravferdslova §6 at alle som har bustad i kommunen ved dødsfall har rett på fri grav. § 17 i forskriftene opnar for å feste (reservere) ei grav attmed den som blir tatt i bruk. Men seier at ei festa grav aldri kan bli ei fri grav. Dvs at den reserverte grava må betalast for, også etter at ho er tatt i bruk. Enkelte får det ikkje til å høve med at alle har rett på ei fri grav.

Eg meiner vi skal bruke høyringa til å be om at dette blir skriva på ein måte som opplevest meir i samsvar og avklarar situasjonen for dei det gjeld. Og ikkje minst; at det vil gjere innkrevinga av festeavgift enklare for fellesrådet.

Til framlegga på endring i forskrifta, så har kyrkjevevja ikkje store merknader, utover at det er litt søkt at ein ikkje framleis skal kunne kalle det "kyrkjegardar", og såleis bryte med kulturen vår. Dessutan nyttar vi gravplass om ei enkelt grav. Men det skal framleis vere høve til å bruke begrepet kyrkjegard som del av namnet på ein konkret gravplass, så det er ikkje sikkert det vil bety så mykje i praksis.

Som arbeidsgjevar for tilsette på kyrkjegarden, meiner eg fellesrådet bør avvise å ta vekk kravet om kiste.

Forslag til vedtak

Gulen kyrkjelege fellesråd har følgjande merknader til høyringa av gravferdsforskrifta:

- ♦ Vi er stort sett nøgde med foreslåtte endringar.
- ♦ Vi meiner kyrkjegardar framleis bør kunne heite kyrkjegardar og ikkje gravplass, då gravplass også vert brukt om ei enkelt grav.
- ♦ Vi vil som arbeidsgjevar rå frå at ein går vekk frå kravet om kiste ved gravlegging.
- ♦ Vi vil be om at § 17 i forskrifta blir betre tilpassa § 6 i gravferdslova, slik at ein klargjer rundt retten til fri grav og det å ha ei reservert grav. Vi meiner det bør vere slik at ein må betale for å reservere grav, men at ho vert fri for betaling i fredingstida når ho er tatt i bruk. Vi ser det som ein fordel om det blir ei felles ordning gjennom forskrift i staden for mange ulike lokale løysingar.

Handsaming i møte

Det var kome eit brev frå Asbjørn Rutledal, dagsett 10.08.12, om spørsmål kring det inkonsekvente ved at alle har rett på fri grav, medan ein må betale for grav nr. 2 i ei dobbelgrav. Brevet vart lese opp.

Fellessrådet vil på eit seinare tidspunkt sette lokale kyrkjegardsvedtekter på dagsorden.

Vedtak

Gulen kyrkjelege fellesråd har følgjande merknader til høyringa av gravferdsforskrifta:

- ♦ Vi er stort sett nøgde med foreslåtte endringar, og at kyrkja framleis skal eige og ha ansvar for kyrkjegardane.
- ♦ Vi meiner kyrkjegardar framleis bør kunne heite kyrkjegardar og ikkje gravplass, då gravplass også vert brukt om ei enkelt grav.
- ♦ Vi vil som arbeidsgjevar rå frå at ein går vekk frå kravet om kiste ved gravlegging.
- ♦ Vi vil be om at § 17 i forskrifta blir betre tilpassa § 6 i gravferdslova, slik at ein klargjer rundt retten til fri grav og det å ha ei reservert grav. Vi meiner det bør vere slik at ein må betale for å reservere grav, men at ho vert fri for betaling i fredingstida når ho er tatt i bruk. Vi ser det som ein fordel om det blir ei felles ordning gjennom forskrift i staden for mange ulike lokale løysingar.